



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve i grunnskulelærerutdanning 5.-10.

PE379 BO - bacheloroppgåve

### Predefinert informasjon

**Startdato:** 02-05-2017 15:00  
**Sluttdato:** 12-05-2017 14:00  
**Eksamensform:** BO-Bacheloroppgåve  
**SIS-kode:** PE379 1 BO

**Termin:** 2017 VÅR  
**Vurderingsform:** Norsk 6-trinnskala (A-F)

### Deltakar

**Namn:** Andrea Mo Dalatun  
**Kandidatnr.:** 332  
**HVL-id:** andread@hvl.no

### Informasjon frå deltakar

**Eg godkjenner avtalen om ja  
tilgjengeleggjering av  
bacheloroppgåva mi \*:**

### Gruppe

**Gruppenamn:** Einmannsgruppe  
**Gruppenummer:** 6  
**Andre medlemmer i  
gruppa:** Deltakaren har levert inn i enkeltmannsgruppe



**Høgskulen  
på Vestlandet**

# BACHELOROPPGÅVE

**Samarbeid skriv vi med to bokstavar: VI**

Ei kvalitativ undersøking om kva erfarne lærarar vektlegg i eit godt heim-skule samarbeid?

**Cooperation is spelled with two letters: WE**

**Grunnskulelærerutdanning 5-10**

**PE379**

**Avdeling for lærarutdanning og idrett, institutt for  
grunnskulelærerutdanning**

**12.05.2017**

**7502 ord**

**Andrea Mo Dalatun**

**Rettleiar: Eirik S. Jensen**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

## Samandrag

Temaet i denne oppgåva er heim-skule samarbeid. I ynskje om å få ei breiare og djupare forståing av kva erfarne lærarar vektlegg i eit godt foreldresamarbeid, valte eg å nytte ein kvalitativ metode i form av å intervju tre lærarar. Eg har sett på kva som kjenneteiknar eit godt foreldresamarbeid, formålet med samarbeidet, ulike samarbeidsformer og potensielle utfordringar. Lovverk og tidlegare forskning utgjer teorigrunnlaget i oppgåva. Forskinga visar at informantane vektlegg å få til ein god relasjon der samarbeidet kjenneteiknas av ein gjensidig og positiv kontakt. Undersøkinga mi viser også kor verdifull rolle alle partane i samarbeidet har. På trass av dette kunne det sjå ut som at mangel på tid kan utfordra samarbeidsforholdet.

## Forord

Denne bacheloroppgåva er skrevet av Andrea Mo Dalatun, som går på grunnskulelærerutdanninga for 5.-10.trinn ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Temaet for oppgåva er samarbeidet mellom heim og skule. Det har vore ei spennande og utfordrande oppgåva som er skrevet på vårsemesteret tredje året. Eg har fått ei betre forståing og fleire erfaringar av temaet, som vil vera svært nyttig for meg i framtida.

I denne forbindinga ynskjer eg å få rette ein takk fyrst og fremst til min rettleiar Eirik S. Jensen, for god rettleiing, skrivetips og gode konstruktive tilbakemeldingar i skriveprosessen. Vidare vil eg også takka alle informantane som har teke seg tid til å delta i undersøkinga og delt sine erfaringar og meiningar om temaet.

Takk!

Andrea Mo Dalatun

Sogndal

12. mai 2017

## Innhald

<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1 Omgrepsavklaringar .....	4
1.2 Oppgåvas oppbygging .....	4
<b>2.0 Metode</b> .....	<b>5</b>
2.1 Val av metode .....	5
2.2 Kvalitativt intervju som metode.....	5
2.3 Prestudie .....	6
2.4 Intervjuguide .....	6
2.5 Val av informantar.....	6
2.6 Analyse av data .....	7
2.7 Validitet og reliabilitet.....	7
2.8 Etske omsyn.....	8
<b>3.0 Teori</b> .....	<b>8</b>
3.1 Heim- skule samarbeid .....	8
3.2 Formålet med samarbeidet.....	9
3.3 Forventningar og ansvar .....	10
3.4 Ulike samarbeidsformer .....	11
3.5 Utdrøffingar og mogelegheiter .....	12
<b>4.0 Presentasjon av resultat</b> .....	<b>13</b>
4.1 Forståing.....	13
4.2 Handtering og gjennomføring .....	13
4.3 Utdrøffingar og mogelegheiter .....	14
<b>5.0 Drøfting</b> .....	<b>15</b>
5.1 Heim-skule samarbeid.....	15
5.2 Forventningar og ansvar .....	16
5.3 Ulike samarbeidsformer .....	17
5.4 Utdrøffingar.....	18
<b>6.0 Avslutning og konklusjon</b> .....	<b>20</b>
<b>7.0 Litteraturliste</b> .....	<b>21</b>
<b>8.0 Vedlegg</b> .....	<b>23</b>
8.1 Informasjonsbrev til informant .....	23
8.2 Intervjuguide .....	24

## 1.0 Innleiing

Etter tre år på lærarhøgskulen byrjar eg å få eit lite innblikk i korleis det er å vera lærar. Eit tema som har interessert meg mykje er heim-skule samarbeidet. På den eine sida er skulen sin formålsparagraf klar på at opplæringa i skulen skal skje i samarbeid og forståing med heimen (Opplæringslova §1-1). På den andre sida har studiet gjort meg meir klar over kor mangfaldig foreldregruppa er, på mange områder. Nokre foreldre er krevjande og andre støttande. Somme foreldre er kritiske til skulens val, medan andre har stor tillit til lærarane. Nokon foreldre tek hyppig kontakt, medan andre sjeldan møter opp på foreldremøter. Dette mangfaldet utfordrar skulen og lærarane. Som lærar må ein vera førebudd på å møte foreldre med ulike livssyn, kultur, verdiar og haldningar til skule. På same tid er det skulen sitt ansvar å leggje til rette for eit godt samarbeid, som skal kome eleven til gode både fagleg og sosialt.

Korleis praktiserast heim-skule samarbeidet ved ulike skular? Korleis tenkjer erfarne lærarar omkring dette tema? Som snart ferdig utdanna lærar har eg stor interesse av å lære meir om dette. På denne bakgrunn har eg valt denne problemstillinga:

*Kva legg erfarne lærarar vekt på i eit godt heim-skule samarbeid?*

## 1.1 Omgrepsavklaringar

Til å byrje med i denne oppgåva ser eg det som naudsynt å forklare sentrale omgrep som er knytt til problemstillinga. Min definisjon på ein erfaren lærar er ein lærar med minimum åtte års arbeidserfaring. Denne definisjonen er ikkje forankra i teori.

Eg har valt å ta utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet (udir, 2016) sin definisjon av heim-skule samarbeid i denne oppgåva. "Skole-hjem samarbeid er et overordnet begrep for forholdet mellom hjem og skole og beskriver en gjensidighet i relasjonen mellom partene". Vidare vil eg også framheve at i denne oppgåva tydar *heimen* juridiske føresette som har omsorgsansvar for eleven.

## 1.2 Oppgåvas oppbygging

Denne oppgåva er bygd opp i ulike kapittel. Eg har valt å starta kapittel to med metode, her vil det kome ei grunningjeving av kva metode er, kva metode eg har valt og korleis eg har forska. Neste kapittel omhandlar teorigrunnlaget for oppgåva. I kapittel tre vil resultatata frå forskinga bli presentert, før eg i neste kapittel skal drøfte funna mine med teorien og svara på problemstillinga.

## 2.0 Metode

I følge Christoffersen & Johannessen (2012, s. 16) kjem metode frå det greske ordet *methodos*, som betyr å følgje ein bestemt veg mot eit mål. Dei hevdar også at openheit, systematikk, grundigheit og dokumentasjon er viktige kjenneteikn. I dette kapitelet skal eg grunngje val av metode, og andre val eg har teke for å leggje grunnlaget for oppgåveskrivinga.

### 2.1 Val av metode

I følge Christoffersen og Johannessen (2012) dukkar det opp eit klart skilje mellom kvantitative og kvalitative metodar i samfunnsforskning. Kvantitative metodar er svært lite fleksible, men har den fordel at det gir meining å samanlikne svara på tvers uavhengig av deltakar og setting. På motsett side tillèt den kvalitative metoden i større grad spontanitet ved at ein stiller opne spørsmål der informanten står fritt til å svara på spørsmålet med sine eigne ord.

### 2.2 Kvalitativt intervju som metode

Kva forskingsmetode ein vel er avhengig av kva ein skal forska på. I mitt forskingsarbeid ynskte eg å få ei djupare og breiare forståing av kva erfarne lærarar vektlegg i eit godt heim-skule samarbeid, og valte difor å nytte eit kvalitativt intervju som metode. Eit intervju er i følge Kvale og Brinkmann (2015) ein viss strukturert samtale med ei hensikt bakom. Den kvalitative metoden gjer meg moglegheit til å gå i djupna av temaet, og få tak i erfaringane og meiningane til informantane kring temaet (Christoffersen og Johannessen, 2012). I følge Dalland (2007) er formålet med eit kvalitativt intervju å få tak i intervjupersonane si eiga beskriving av det som blir spurd om.

Bassert på mi problemstilling valte eg å nytte eit strukturert intervju. I eit strukturert intervju er både temaet, spørsmåla og rekkjefølgja på spørsmåla på forhand fastlagt. Spørsmåla i kvalitative intervju er stort sett opne, dermed får informantane formulera svara med eigne ord. Som forskar har eg mindre innverknad på korleis informantane svarar, og svara vil difor fortelja oss korleis informantane har forstått og tolka spørsmål (Christoffersen og Johannessen, 2012). I eit intervju kan ein som forskar også respondere med det same på det deltakaren svarar, slik at ein kan skreddarsy neste spørsmål. Ein anna forskjell mellom metodane er relasjonen mellom forskar og deltakar. Ved kvalitativ metode er relasjonen mindre formell enn ved kvantitativ forskning (Christoffersen og Johannessen 2012).

## 2.3 Prestudie

Christoffersen og Johannessen (2012) påpeikar hensikta med å utføra eit prestudie. Eit prestudie vil vera med å auka validiteten til ei undersøking og sikra at ein stillar dei rette spørsmåla. Eg valte å sende intervjuguiden til to lærarar som arbeidar i ulike fylker og ulike alderstrinn. Tilbakemeldingane eg fekk var med på å utarbeide betre spørsmål til intervjuet mitt. Eg endra litt på oppstillinga i intervjuguiden, og nokre spørsmål vart formulert på ein betre og meir forståelig måte. Dette prestudiet gjorde meg tryggare på spørsmåla mine, som også førte til at intervju mine vart meir komfortable.

## 2.4 Intervjuguide

Utarbeidinga av intervjuguiden tok lengre tid enn forventa. For meg var det viktig at spørsmåla var opne, men også konkrete. På denne måten ville deltakarane kunne gi breie og utfyllande svar om det eg var ute etter. Eg valte å dele intervjuet inn i tre kategoriar: forståing, handtering og gjennomføring, og utfordringar og moglegheiter (sjå vedlegg 2). Spørsmåla vart laga ut ifrå kategoriane, slik at ein fekk ei brei tilnærming av temaet. Hovudfokuset låg på å stille dei rette spørsmåla til informantane, slik at ein fekk dei beste svara.

## 2.5 Val av informantar

Sidan formålet med undersøkinga er å finna ut kva erfarne lærarar legg vekt på i eit godt heim-skule samarbeid, var det naturleg at intervjuobjekta var lærarar med arbeidserfaring. Kvar skiljet går mellom uerfaren og erfaren lærar, kan vera vanskeleg å seia. Eg sette ei grense på minimum åtte år med arbeidserfaring. Eg intervju tre lærarar, der alle hadde arbeida meir enn åtte år i skuleverket. To av informantane mine hadde eg kjennskap til frå tidlegare praksisskular, medan den tredje informanten har eg hatt kjennskap til i mange år, då denne læraren arbeidar på ein skule eg sjølv har gått på. På grunn av kjennskapen om arbeidserfaringa til informantane og kven dei var, fann eg det naturleg å spørje dei.

Det fyrste eg gjorde var å sende ein e-post til informantane med enkel informasjon om oppgåva, då dei visste interesse for å delta fekk dei tilsendt eit informasjonsbrev (sjå vedlegg 1).

Informasjonsbrevet presiserte oppgåvas tema, føremål og kva det innebar å delta, samt ei samtykkeerklæring. Denne samtykkeerklæringa måtte informantane skrive under på før intervju starta.

To av intervju vart utført munnleg, medan eit intervju vart gjennomført på e-post som eit skriftleg kvalitativt postintervju. Det skriftlege intervjuet skyldtes at skulen ligg i eit anna fylke og mangel på tid til reise. I følge Dalland (2007) er eit postintervju når informanten noterar sjølv ned sine egne

svar i eit spørjeskjema. Fordelen med postintervju er at informanten får moglegheit å bruke lengre tid til å tenkje seg om før dei svarar, samstundes som det er definitivt anonymt. Med eit postintervju finst det også nokre ulemper. Intervjuet gir forskar til dømes liten moglegheit til å kontrollere informanten si tolking av spørsmåla (Dalland, 2007). Ein kan sjå forskjell på svara i intervjuet. Hovudforskjellen mellom intervjuet var at svara i postintervjuet var konkrete og presise då læraren har fått tid til å skrive ned gode svar. Svara i dei munnlege intervjuet bestod meir av korte setningar der det var vanleg å gjenta ord og setningar.

I oppgåva har eg valt å namngi intervjuobjekta som lærar 1, lærar 2 og lærar 3. Uavhengig av kjønn vil alle informantane bli omtala som han.

- Lærar 1, har jobba som lærar i 19 år, og er lærar på 9. trinnet.
- Lærar 2, har jobba som lærar i 9 år, og er lærar på 8. trinnet.
- Lærar 3, har jobba som lærar i 23 år, og er lærar på 10. trinnet.

## 2.6 Analyse av data

I følgje Christoffersen og Johannessen (2012) må innsamla data analyserast og tolkast, og kan til døme vera det som ein informant fortel i eit intervju. Etter å ha gått igjennom intervjuet fleire gongar, laga eg ei felles oversikt over svara informantane gav under intervjuet. Gjennom ei meiningsfortetting skilte eg ut det som var relevant for mi oppgåve og problemstilling. Ved å organisera den mest relevante informasjonen etter tema som forståing, gjennomføring, handtering og utfordringar, vart det lettare å analysa den. Å sette svara opp mot relevant teori vart enklare etter at eg hadde tolka svara. Med dette utgangspunktet vart det mogleg å bruka resultatene eg sat med inn i drøftingsdelen.

## 2.7 Validitet og reliabilitet

Christoffersen og Johannessen (2012) seier at ved all forskning ligg det ved grunnleggjande spørsmål. Kor påliteleg og relevant er data? Målet med ei undersøking er å gjera ho så truverdig så mogleg, for å oppnå dette må du sikre deg høg grad av validitet og reliabilitet.

Christoffersen og Johannessen (2012) påpeikar kor relevant og gyldig informasjonen din er omhandlar kor validitet den er. Dermed blir relevansen på informasjonsinnsamlinga kring problemstillinga svært viktig. Ved å sende ut spørsmåla mine til to lærarar, fekk eg ei slags rettleiing etter deira forståing av spørsmål. Grunnen til at eg føretok eit prestudie var for å sikra meg dei best formulerte spørsmåla og ein høgast validitet. På den andre sida går reliabilitet ut på nøyaktigheit og pålitelegheit. Christoffersen og Johannessen (2012) fortel at høg reliabilitet vil sei når ein gjennom to



like undersøkingar på den same gruppa, oppnår dei same resultatane sjølv om undersøkingane er gjennomført på to forskjellige tidspunkt. I og med at to av mine intervju vart gjennomførte med lydopptakar, og transkribert ordrett, er det lite rom for mine eigne meiningar. Sidan eg brukte lydopptakar under intervju har eg tilgang på direktesitat, det kan vera betydingsfullt og auka reliabiliteten då den typen informasjon er svært nøyaktig. Eit prinsipielt problem med tre informantar, er at dette er eit lite utval. Funna i denne forskinga kan ikkje generaliserast.

## 2.8 Ethiske omsyn

I følge Christoffersen og Johannessen (2012) skal alle informantar sikrast anonymitet. Dette kan gjerast ved forskjellige måtar, ein av dei er å bruke dekknamn i staden for faktiske namn. I denne oppgåva har eg valt å sikre informantane mine anonymitet, ved å omtala dei som lærar 1, lærar 2 og lærar 3. Det går ikkje an å dra kjennskap til nokon av dei, eller kva skule dei arbeidar på. Eg har teke naudsynte etiske omsyn under heile forskingsprosessen. Vidare påpeikar dei den grunnleggjande føresetnaden om at den som skal delta i undersøkinga, gjer det frivillig og har dei naudsynte opplysningane om undersøkinga.

## 3.0 Teori

Teori kjem av det greske ordet *theoria*, som betyr å "sjå på" og "granske". I denne delen av oppgåva vil eg presentera relevant teori. Eg vil kome med avklaringar og definera omgrep som kjenneteiknar heim- skule samarbeid. Eg vil presentera formålet og forventningar til samarbeidet, samt ulike samarbeidsformer og utfordringar rundt temaet.

### 3.1 Heim- skule samarbeid

I skulen sin formålparagraf står det klart og tydeleg at opplæringa i skulen skal skje i samarbeid og forståing med heimen (Opplæringslova §1-1). Samarbeidet mellom heimen og skulen kan førekoma på fleire ulike områder og måtar. I Noreg har vi eit lovverk som legg visse føringar når det kjem til samarbeidets form, innhald og hyppigheit. I forskrifta til Opplæringslova (2006) §20-1 står det at formålet med foreldresamarbeidet er å ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling.

Vidare i same lova står det at skulen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret, der foreldra har minst to gongar i året rett til ein planlagt og strukturert samtale med kontaktlæraren. Forskrifta fortel også at denne samtalen skal omhandle elevens kompetanse i faga og korleis han arbeidar dagleg.

I følge Utdanningsdirektoratet (2016) er heim- skule samarbeid eit overordna omgrep om forholdet mellom heimen og skulen, og beskriv ei gjensidigheit i relasjonen mellom partane. Ein eintydig definisjon av omgrepet, finst midlertidig ikkje. I den nasjonale læreplanen (LK06) står det at heimen og skulen har ei rekkje felles oppgåver knytt til barn og unge si læring og utvikling. For å løyse desse oppgåvene på mest mogleg måte er eit samarbeid naudsynt. Samarbeidet skal baserast på gjensidigheit og likeverd.

Eit omgrep som vert brukt i internasjonal forskningslitteratur om samarbeidet mellom heimen og skulen er *foreldresamarbeid*. Dette omgrepet dekkjar dei delte rollene og ansvaret mellom heimen og skulen, og fokuset er retta mot korleis ein kan få etablert eit gjensidig og konstruktivt samarbeidsforhold (Udir, 2016).

### 3.2 Formålet med samarbeidet

Lovverket understrekar plikta skulen har til å driva eit aktivt samarbeid med foreldra, og den sterke rolla foreldra er tildelt i det norske skuleverket (Forskrift til opplæringslova, 2006). Det skal difor samarbeidast om blant anna læringa og framgangen til eleven i faga, men også om elevens trivsel og sosial situasjon på skulen.

Kvifor er foreldresamarbeid viktig? I ein forskningsartikkel av Utdanningsdirektoratet frå 2016 står det som følgjande:

Forskning viser at et godt samarbeid mellom hjem og skole, der også foreldrene har en aktiv rolle, har positiv betydning for barn og unge på en rekke områder relatert til skolen. Det fører til bedre læringsutbytte, bedre selvregulering, bedre trivsel, færre atferdsproblemer, mindre fravær, gode relasjoner til medelever og lærere, bedre arbeidsvaner, en mer positiv holdning til skolen, bedre leksevaner og arbeidsinnsats og høyere ambisjoner med hensyn til utdanning (Udir, 2016).

Gjennom eit foreldresamarbeid får lærarar eit betre innsyn i elevane sine behov, og får dermed eit betre utgangspunkt til å støtta eleven på ein tilpassa måte i skulekvardagen.

Thomas Nordahl (2015) visar til at ein god relasjon er viktig i eit samarbeid. Eit samarbeid handlar stort sett om kvaliteten på relasjonen i forholdet. For å skape ein god relasjon vil det vera vesentleg med gjensidig verdsetjing og tillit. Dette kan vi stort sett oppnå ved å helsa, lytta, støtte, oppmuntra og gje blikkontakt (Nordahl, 2015).

Det er enkelt å seia at det er viktig med eit godt samarbeid mellom foreldre og skulen, men i praksis kan det vera ein heil del vanskelegare. Drugli og Onsøyen (2010) hevdar at dersom partane har ein positivt kontakt med basis, så vil samarbeidet få eit positivt fokus. Vidare visar dei til at gjensidigheit

og kontakt også vil ha direkte innverknad på enkeltsamtalar med foreldre. Drugli og Onsøyen (2010) understrekar at jamleg og positiv kontakt vil fremja ein god relasjon og gjera det enklare for foreldra å ta kontakt og snakka opent om barnets behov og utvikling. Det som Drugli og Onsøyen meiner med positiv kontakt, er å kunne ha kontakt med foreldra rundt positive saker også. Ein positiv kontakt kan vera viktig i den form av at forholdet ikkje berre vert forbinda med problem og negative situasjonar. Eit godt, positivt og nært samarbeid er altså avhengig av å ha ein visst minimum kontakt og ein gjensidigheit der begge partar bidrar.

### 3.3 Forventningar og ansvar

Når eit barn byrjar på skulen, byrjar foreldra også. Kunnskapsdepartementet (2006) fortel at:

Foreldre har primæransvaret for oppfostringen av sine barn. Det kan ikke overlates til skolen, men bør utøves i samarbeid mellom skole og hjem. Skolen må i forståelse og samarbeid med hjemmene bistå i barnas utvikling – og den må trekke foreldrene med i utviklingen av miljøet rundt opplæringen (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 17).

Ut frå dette ser vi at samarbeidet mellom heim og skule må baserast på likeverd og gjensidigheit. Eit samarbeid kan med andre ord ikkje vera gjensidig og likeverdig dersom det berre er den eine parten som har ansvar og rettigheter. Eit samarbeid inneheld difor plikter for foreldre og lærarar som dei kan stille til kvarandre. Thomas Nordahl (2015, s. 108-109) har ut i frå kva som ligg i nasjonale retningslinjer for den norske skulen, lista opp ei rekkje punkt for ulike forventningar skulen og foreldra kan forventa av kvarandre. Under kjem eit lite utdrag.

Forventningar til skulen:

- Barna skal få undervisning etter opplæringslova og Kunnskapsløftet (LK06).
- Det enkelte barn skal ha opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnadar (opplæringslova §1-2).
- Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (opplæringslova §9a-1).
- Det offentlege grunnskulen skal vera gratis, og foreldra skal forventa at elevane får dei læremidla og utstyr om er nødvendig for å delta i undervisninga.
- Skulen skal informera om det som føregår i skulen.

Forventningar til foreldra:

- Foreldra har ansvaret for at barna si rettighet til opplæring blir realisert ved at barna møter opp på skulen kvar dag.
- Foreldra skal vise aktiv interesse for og engasjera seg i barna si læring og skulegang.
- Foreldra har ansvar for å delta aktivt i samarbeid med skulen.
- Foreldra må sjå sitt barn som ein del av eit fellesskap i skulen, og ikkje framheva deira eige barn sine behov framfor alle andre barn sine behov og rettigheter.
- Foreldra skal gje lærarar og skulen naudsynt informasjon om barnets situasjon i skulen og om deira læring og utvikling (opplæringslova §9a-1).
- Foreldra bør møte opp og delta aktivt i arrangement på skulen, og følgja opp avtalar som er gjort med lærarar og skulen.

Hattie (2009) påpeikar kor viktig det er at skulen støttar foreldra om det er naudsynt, slik at dei kan danne seg forståing av "skulens språk". Viss ikkje vil dette gje fleire foreldre som ikkje greier å samarbeida med skulen eller å involvera seg i barna sin skulekvardag.

### 3.4 Ulike samarbeidsformer

Det finst mange ulike formar for samarbeid mellom heim og skule, både formelle og uformelle. Desse samarbeida føregår på ulike måtar, nokre er lovfesta i opplæringslova og skal ha same mønsteret på alle grunnskular. I følgje Nordahl (2015) er det viktigaste møtet mellom foreldra og den enkelte lærar, det møtet som føregår direkte mellom partane. Det er i desse møta det er mogleg å snakka om barnet, og om opplevingane og erfaringane til foreldra og læraren når det gjeld barnet si utvikling og læring. Desse møta har ulike namn som utviklingssamtalar, samtaleimar eller konferansetimar. I Utdanningsdirektoratet sin artikkel om utviklingssamtalar med foreldre står det at "i utviklingssamtalen skal foreldrene og læreren få svar på spørsmål og bli enige om hva som skal skje framover når det gjelder den faglige læringen og den sosiale og personlige utviklingen til eleven" (Udir, 2016, s. 1). Dette samsvarar også med Imsen (2016) si beskriving av målet til utviklingssamtalen, ho fortel at samtalen skal finna fram til korleis foreldra og skulen skal samarbeida for å fremja eleven si læring og utvikling.

Ulike typar samarbeid som Nordahl (2015) visar til mellom heim og skule kan vera *representative samarbeid, direkte samarbeid eller kontaktlause samarbeid*. I det representative samarbeidet er nokre foreldre valt inn for å representera dei andre foreldra enten i ein klasse eller på ein heil skule. Det direkte samarbeidet angår alle foreldre som har barn på skulen, og er i stor grad formalisert. Dette samarbeidet er direkte mellom foreldre og lærarar, som for eksempel ved foreldremøter,

konferansetimar eller foreldresamtalar. På eit meir uformelt plan kan direkte samarbeid vera kommunikasjon gjennom nettsider, e-post, telefon, SMS eller andre kommunikasjonskanalar. Det kontaktlause samarbeidet er eit samarbeid som føregår meir i det daglegdagse, der foreldre i form at støtte, samtale eller oppmuntring kommuniserer med barnet om skulen.

### 3.5 Utfordringar og moglegheiter

Samarbeidsforholdet mellom foreldre og skulen vil nokre gongar bli utfordra. Dette kan det vera fleira grunnar til, men for eksempel kan det skje når foreldra **opplev** det å forholde seg til læraren som vanskeleg, eller når læraren er bekymra for eleven. I ein forskingsartikkel om samarbeidet mellom heim og skule av Utdanningsdirektoratet (2016), blir det satt lys på kva som gjer til at foreldre vil fungera godt i eit samarbeid. Nokre av faktorane som blir lagt fram omhandlar korleis læraren er som person. Imøtekommande, varme og respektfulle, samt å visa interesse og lytte til foreldra, er ord som blir nemnt. I tillegg synst det å vera viktig at det er gjensidig kommunikasjon mellom lærar og foreldre.

Mange foreldre trur at lærarane og andre profesjonelle aktørar er langt betre i stand til å hjelpa barnet enn det dei er sjølve. At foreldra ikkje forstår kor verdifull deira bidrag er for barna si tilpassing og utvikling, er ein av grunnane til at foreldre ikkje framtrer som aktive samarbeidspartnara (Drugli og Onsøyen, 2010).

Skaalvik og Skaalvik (2012) fortel om utviklinga av ein meir hektisk kvardag i skulen med små moglegheita for pausar. Forskinga deira visar at lærarane står ovanfor eit tidspress i skulekvardagen. Lærarar opplev ei auking innan arbeidsoppgåver som rapportering, dokumentering og papirarbeid, men også tal på møter. Dette kan opplevast som ei utfordring, og kan gå utover lærarane sine andre arbeidsområder dersom det ikkje strekk nok tid til.

Den beste måten i følge Drugli og Onsøyen (2010) å førebyggje unødvendige konfliktrar i foreldresamarbeidet, er å leggja vekt på å etablera den gode relasjonen med alle foreldra. Å snakka om vanskelege tema vil vera mykje lettare dersom ein har ein god relasjon som grunnlag. Utdanningsdirektoratet (2016) seiar at å leggja til rette for eit godt samarbeid med alle foreldre, er med å forhindra vanskelege samarbeid. Dei fortel at dersom ein har etablert ein god samarbeidsrelasjon som grunnlag, vil sjansen for å oppnå store samarbeidsproblem vera liten sjølv om det er vanskelege tema å forholde seg til.

## 4.0 Presentasjon av resultat

I denne delen av oppgåva vil eg presentere resultatane frå undersøkinga. Resultatane er informantane sine tankar, haldningar og erfaringar. Eg har valt å dele resultatane inn i dei same kategoriane som intervjuguiden er delt inn i: Forståing, handtering, gjennomføring, utfordringar og mogelegheiter (sjå vedlegg 2). Direkte sitat frå lærarane vil stå i kursiv.

### 4.1 Forståing

Alle informantane påpeika kor viktig eit godt heim-skule samarbeid er for elevane si læring og utvikling. Lærarane understreka at kontakt, kommunikasjon og relasjon spelar ei sentral rolle for å få til eit godt samarbeid. Lærar 1 meinte at ein jamleg kontakt og eit samarbeid gjennom heile skuleåret vil vera avgjerande sidan ein hovudsakeleg har få obligatoriske møter. Lærar 2 hevda at ein god relasjon kunne resultera i ein lågare terskel for å ta kontakt med kvarandre. Men også at dersom ein har god kontakt til vanleg, så vil kontakten og samarbeidet ikkje berre bestå av problem og negative hendingar. Lærar 3 sa: *”Eit godt heim-skulesamarbeid for meg er når kontakten og kommunikasjonen er naturleg og gjensidig”*.

Når eg spurte lærarane om kvifor det er viktig med eit godt heim-skule samarbeid var alle tre einige om at det var viktig for eleven si læring og utvikling. Lærar 3 meinte også at samarbeidet er viktig for å kunne ha barna i fokus, slik at dei kan føla seg trygge på at både skulen og heimen har eit felles mål og det er å gjera skuletida best mogleg for dei.

Lærarane gav uttrykk for at eit samarbeid skal bestå av gjensidig forplikting og medverking. Med dette førar det visse forventningar til både lærarane og foreldra. Lærar 1 sa: *”Eg forventar både av meg sjølv og foreldra at vi set av nok tid. Eit godt samarbeid krev meir tid utanom den vanlege arbeidstida for oss lærarar”*. Vidare fortel han at han forventar av sjølv å vera open og disponibel, men også at foreldra engasjerer seg og føl opp det som skulen ynskjer. Lærar 2 fortalte at han også hadde dei same forventningane til seg sjølv som til foreldra. Han forventar at dei begge er pliktoppfyllande, til å stola på og at relasjonsdanninga er gjensidig. Lærar 3 sa: *”Forventingane til meg sjølv er at eg skal vera open, ærleg og imøtekomande. At foreldra skal føla seg trygge på at dei kan ta kontakt med meg når dei ynskjer det”*. Vidare fortel lærar 3 at forventningane til heimen er at dei samarbeider, visar at dei bryr seg og ikkje minst at dei ser kor viktig det er for barnet at dei føl opp.

### 4.2 Handtering og gjennomføring

I denne delen av intervjuet spurte eg spørsmål om ulike samarbeidsformer, førebuing og kva rolle kollegaer spelar opp rundt eit foreldresamarbeid. På kva for samarbeidsformer dei brukar svara alle tre informantane at dei brukar mange ulike samarbeidsformer og kommunikasjonskanalar.

Foreldremøter, utviklingssamtalar, uformelle samtalar, e-post, telefonsamtalar og tekstmeldingar. Lærer 1 fortel at utviklingssamtalen kan vera den beste samtalen ein har med foreldra, ein møtes ansikt til ansikt og er aleine med læraren. Den samtalen og foreldremøtet arrangerer han to gonger i året. Vidare fortel han at han ofte vel å ta samtalar om elevens sosiale plan per telefon med foreldra, dersom ein ikkje rekk igjennom alt på ein utviklingssamtale der ein skal igjennom alt det faglege hjå eleven. Lærer 2 seier seg einig i at utviklingssamtalen kan vera den beste samtalen sidan ein møter kvarandre ansikt til ansikt. Han arrangerer også denne samtalen og foreldremøtet to gongar i året. Vidare fortel at han har valt å utvida utviklingssamtalen frå 20 til 30 minutt, på grunn av den manglande tida til den sosiale praten om korleis eleven har det på skulen. Han legg også til at å bruke meir tid på denne samtalen der eleven er i sentrum, så er det kanskje lettare å engasjera foreldra kring eit felles mål og godt samarbeid.

På spørsmålet kring å førebu seg til enkelte samarbeidsformer, fekk eg eit einstydig svar av alle informantane. Alle førebudde seg og meinte det var viktig. I førebuinga synst to av informantane at det var viktig å finna konkrete dømer som ein kan visa til, som til dømes prøvar, informasjon eller dokumentering av leverte lekser. Lærer 3 svara at han førebudde seg ut frå møtetype, tema og problemstilling. Vidare påpeika han at: *"det er viktig å spela på lag med føresette enten det er felles foreldremøte, utviklingssamtale eller uformelle samtalar. Målet er at ein ser at å samarbeida om felles mål gir størst gevinst"*. Lærer 1 og 2 fortel at dei i forkant av utviklingssamtalar kartleggjar elevane i dei ulike faga, og på samtalen snakkar dei med eleven og foreldra om kvar han eller ho ligg an i forhold til dei personlege faglege måla. Ein får dermed moglegheita til å samarbeida i fellesskap med eleven sjølv og foreldra om korleis ein skal jobbe vidare med for å nå eller halda måla.

Informantane svara noko uklart då eg spurte om kva for ei rolle kollegaer spelte for dei i foreldresamarbeidet. Alle tre lærarane meinte kollegaer spelar ei svært viktig rolle, men at det kanskje ikkje vart praktisert like mykje. Ein av læraren ynskjer at kollegaer burde spela ei større rolle enn det den gjorde i dag, men at det blir mest tatt i bruk kollegaer på same trinn og ikkje andre trinn på skulen. Dei to andre lærarane svara meir kva dei brukte kollegaene til, lærar 1 nemnte det å søkje råd og korleis ein skal løysa utfordringar, samtidig å vera ein lagspelar for kvarandre. Ein anna lærar sa: *"Kollegaer er viktig for at samarbeidet mot felles mål, for å laga felles malar for dei ulike møtestrukturane, og ikkje minst for refleksjon og kompetanseutvikling"*.

### 4.3 Utfordringar og moglegheiter

Alle informantane såg potensielle utfordringar ved eit godt heim- skule samarbeid. Ein absolutt gjentakande utfordring for lærarane var tid. Det tek tid å rapportere, skape ein god relasjon med alle foreldra og følgje opp alle elevar. Lærer 3 sa: *"Største utfordringa er kanskje tid.. For oss på skulen*

*som har mange elevar kan det vera vanskelig å prioritera nok tid til kvar enkelt elev og samarbeidet med heimen". Vidare fortalte han at det kjentes stadig ut som det vart fleire og fleire forventningar til skulen, dette kan absolutt sjåast som ei utfordring for lærarane. Den eine av lærarane la også til at dersom ikkje foreldra prioritera nok tid tilbake, kan det vera med å gjera forholdet utfordrande. Eit godt relasjonsgrunnlag vart også sett på som svært viktig, då mangel på denne ville gjort samarbeidet utfordrande. Ein anna informant påpeika at det er utrolig krevjande dersom ein ikkje får foreldra med på lag, eller oppnår dei gode resultatane sjølv om ein jobbar i alle retningar. Eit anna punkt som også vart nemnt av same lærar, var engasjementet til foreldra. Han ynskte at foreldra kunne engasjera seg litt meir, dette grunngeve han med at han litt for ofte følar dei er redd for å stilla seg kritiske til ting vi gjer på skulen. "Læraren vert sett på som ein profesjonell som kan jobben best, og dermed vil dei ikkje blanda seg".*

Heilt til slutt fekk lærarane spørsmålet "Korleis ville det eksemplariske heim-skulesamarbeidet vera på den optimale skulen?". Her svara lærarane noko ulikt, men alle svara til saman gav eit godt heilskapleg bilete på det ideelle samarbeidet. Lærar 1 meinte at det ideelle samarbeidet var eit tett samarbeid, der foreldra tok meir ansvar, er meir opptekne av kva som skjer på skulen, og visar at dei er engasjerte og interesserte. Lærar 2 beskriv det ideelle samarbeidet som å ha ein god og gjensidig kommunikasjon og relasjon med heimen, men også det å bli stolt på som den pedagogen du er. Lærar 3 svarte: "Eg tenkjer det er ein skule med sterkt fokus på godt samarbeid. At ein legg til rette for arenaer der samarbeid, kommunikasjon og felles mål er tema". Vidare beskriv han det som då eleven forstår at skulen og heimen vil det beste for han/ho, og at forståelsen for gjensidig forventning er klar og tydeleg.

## **5.0 Drøfting**

I denne delen vil eg drøfte resultatane av det innsamla materialet og kople det opp til aktuell teori. Fyrst vil eg drøfte responsen på kva som kjenneteiknar eit godt heim-skule samarbeid og hensikta med samarbeidet. Deretter vil sjå på fordelinga av forventningar og ansvaret mellom heim og skule, før eg går vidare å drøftar ulike samarbeidsformer og utfordringar ved foreldresamarbeid.

### **5.1 Heim-skule samarbeid**

Samarbeidet mellom heimen og skulen kan førekoma på fleire ulike områdene og måtar. I Noreg har vi eit sterkt lovverk som legg visse føringar når det kjem til samarbeidets form, innhald og hyppigheit. I skulen sin formålsparagraf står det klart og tydeleg at opplæringa i skulen skal skje i samarbeid og forståing med heimen (Opplæringslova, 1998, §1-1). Den norske pedagogikkprofessoren Thomas Nordahl ser blant anna på ulike faktorar som spelar inn i eit foreldresamarbeid. Han fortel at eit



samarbeid stort sett handlar om kvalitet på relasjonen i forholdet, og for å skapa ein god relasjon vil det vera vesentleg med gjensidig verdsetjing og tillit. Dette var noko som eg fann att i resultatata frå intervju mine. Alle tre informantane påpeika at ein gjensidig og naturleg kontakt, kommunikasjon og relasjon spelar ei sentral rolle for å oppnå eit godt samarbeid. Eine informanten hevda også at ein god relasjon ville resultera i ein lågare terskel for å ta kontakt med kvarandre. Dette understreka også av Drugli og Onsøyen (2010). Ein kan med dette antyde at skulane arbeidar for eit gjensidig samarbeid med god kontakt og relasjon. Dette kan også tyde på ein lågare terskel for skulen å ta kontakt med foreldra.

Når ein tek opp kva som er viktig med samarbeidet, beskriv informantane at det er eleven si læring og utvikling. Eine informanten sa også at grunnen til at barnet skal vera i fokus er fordi han eller ho skal føla seg trygge på at vi som lærarar og foreldre jobbar så godt me kan for å gjera skuletida best mogleg. Denne refleksjonen samsvarar med forskrifta til Opplæringslova (2006, §20-1) som fortel at foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Vidare seier lova at eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skulen for å styrkja utviklinga av gode læringsmiljø. Dette kan antyda på at lærarane er innforstått med skulens lovverk, og ser viktigheita ved eit godt heim-skule samarbeid.

Drugli og Onsøyen (2010) brukar ordet *positiv kontakt* når dei fortel om foreldresamarbeid. Med positiv kontakt meiner Drugli og Onsøyen å ha kontakt med foreldra rundt positive saker også. Dette er viktig slik at forholdet ikkje berre vert forbinda med negative situasjonar og problem, men også positive hendingar og åtferd. Med den positive kontakten som grunnlag påpeika den eine informanten også at samarbeidsforholdet ikkje berre ville bestå av negativ oppfatning. At ein kunne ha ein god kontakt der ein kunne gje beskjedar og informasjon om alt mogleg. På denne måten vil ikkje foreldra forbinda ein SMS eller telefonsamtale med læraren som noko negativt.

## 5.2 Forventningar og ansvar

Eit samarbeid vil ikkje vera gjensidig og likeverdig om det berre er den eine parten som har rettigheter. Samarbeidet må difor innhalda plikter for og forventningar som skulen og lærarane kan stilla til kvarandre. Foreldra sine ansvar og plikter er til ein viss grad heimla i lovverket. Desse kan eigentleg meir betraktast som ein forplikting og naturleg konsekvens av å ha barn i skulen.

Responser frå informantane på dette området var interessant. Dei hadde stort sett dei same forventningar til seg sjølv som til foreldra, men forventningane var meir personleg vinkla. Dei forventar at alle tok seg nok tid, er opne, ærlege, disponibel, pliktoppfyllande, imøtekommande og til å stola på. Dette er eit relativt stort grunnlag for forventningar, men samstundes finst det eit hav av andre forventningar som blir meir knytt opp mot opplæringa, tilrettelegginga og skulemiljøet rundt

eleven. Teorigrunnlaget eg valte å nytte kring forventingar er Thomas Nordahl (2015). Nordahl sin teori baserar seg på kva forventningar dei ulike partane kan forventa av kvarandre. I mitt intervju svara informantane at det dei forventa av seg sjølv, var det som foreldra kunne forventa av dei som lærarar. Informantane sine forventningar av seg sjølve omhandla meir dei som menneske, medan Nordahl sine forventingspunkt baserar seg eigentleg på kva lovverket og planverket fortel kva som kan bli forventa. Det som var interessant her var den store forskjellen i forventningane. No skal det seiast at funna mine er truleg det fyrste informantane kom på, då det kom til korleis dei skal vera som lærar i eit foreldresamarbeid. Men at ingen av informantane nemna forventningar som å legge til rette undervisninga etter barna sine behov, informera føresette om kva som skjer i skulen, eller å danne eit godt miljø i klassen, kan vera teikn på fleire ting. Det kan til dømes tyde på at de forventningskrava er så openbare at de ikkje trengst å nemnast, eller at dei moglegvis følar eit stort fokus på korleis ein skal vera som lærar at dei "arresterer" seg sjølve med personlege forventingar. Dette kan også vera årsaka til at eine informanten følar at forventningane til skulen stadig bli større.

Den eine informanten fortalte at han litt for ofte følte at foreldra legg for mykje ansvar på skulen. Dette kan verka som ein uheldig situasjon viss skulen på si side følar at dei bli overlasta av ansvar frå foreldra. Heldigvis i ein slik situasjon har vi eit planverk som fortel oss om det delte ansvarsområdet vi har å forholde oss til, LK06 som Kunnskapsdepartementet kom ut med i 2006. Her blir der presisert at samarbeidet mellom heim og skule må underbyggast på likeverd og gjensidigheit. Vidare fortel det at samarbeidet ikkje kan drivast på den eine sine behov og premiss, men må ta utgangspunkt i både skulen og heimen sine spelereglar. Dette samsvara med meiningane til informantane, alle var einige om at eit samarbeid skal bestå av gjensidig forplikting og medverknad. I tilfelle til den eine informanten som følte at mykje av ansvaret vart lagt på skulen, er det mykje som tydar på at ansvaret bør delast på begge partar slik at ein oppnår ei fordeling av ansvarsområda. På denne måten vil truleg ikkje den eine parten i samarbeidsforholdet føla seg åleine med ansvaret og arbeidet.

### 5.3 Ulike samarbeidsformer

Mellom heimen og skulen finst det fleire ulike samarbeidsformar. Desse føregår på ulike måtar. To av informantane påpeika at dei brukte å gjennomføra foreldremøter og utviklingssamtalar to gongar i året. Det er i samsvar med kva som er nedfelt i forskrifta til opplæringslova (2006), etter § 20-3. Lova påpeikar at foreldra har rett på ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om eleven si faglege læring og utvikling utarbeidar seg, to gonger i året.

Informantane fortel at dei også brukar e-post, telefonsamtalar, tekstmeldingar og uformelle samtalar som kommunikasjonskanalar. Det er altså det direkte samarbeidet som dominerer (Nordahl 2015).

Vidare påpeikar Nordahl at det viktigaste møtet mellom foreldre og den enkelte læraren er det møtet som føregår direkte mellom partane. Dette grunnjev han med at møtet gjev deg mogelegheit for å snakka om barnet og deira opplevingar og erfaringar kring barnets utvikling og læring. Dette samsvarar med erfaringane til to av informantane. Lærarane utpeika utviklingssamtalen som den desidert viktigaste samtalen dei hadde i løpet av året, fordi denne gav dei moglegheita til å treffa foreldra og eleven ansikt til ansikt. Dette kan tyde på at det er eit møte som fungerer for både foreldra og lærarane. Denne samtalen føregår med få personar til stades, noko som mogleg gjev ein lågare terskel for å ta opp vanskelege tema eller at partane følar at dei vert høyrte og sett. Det direkte samarbeidet opnar opp for dei andre samarbeidsformane til Nordahl, det representative og kontaktlause samarbeidet. Under foreldremøte har ein mogelegheita til å velja foreldrerepresentantar i klassen. Samstundes vil eit direkte og representativt samarbeid gjere det lettare å ha eit samarbeidsforhold som føregår meir i det daglegdagse (*det kontaktlause samarbeidet*). Her kan vi sjå tendensar til at dei tre ulike samarbeida til Nordahl (2015) heng saman, og ofte blir danna via kvarandre.

Ein vesentleg viktig føresetnad for eit godt møte eller samtale med foreldre, er å vera førebudd. Dette var informantane einige om. Den eine læraren fortalte at det som han vanlegvis gjorde i forkant, var å førebu seg ut i frå møtetype, tema og problemstilling. Dei to andre lærarane gav uttrykk for at det var viktig å førebu seg med konkrete dømer til ein utviklingssamtale. Konkrete dømer kunne vera resultat av prøvar, dokumentering av fråvær, innleverte lekser eller merknadar. Men at de også i forkant av utviklingssamtalar pleidde å kartleggja elevane etter korleis dei ligg an i dei ulike faga etter dei personlege faglege måla sine. Informantane grunnjev denne førebuinga med at den gav dei moglegheita til samarbeid i fellesskap med foreldra og eleven om korleis ein kan arbeide vidare for å vedlikehalda eller nå måla. Det kan tyde på at lærarane er gjennomtenkte når dei førebur seg, og at deira måte kan vera ein grei måte å førebu seg på, sidan målet med samtalen også samsvarar med det som Utdanningsdirektoratet og Imsen (2016) fortel oss. Dei begge beskriv utviklingssamtalen som eit møte mellom skulen og foreldre som skal gjera det enklare for partane å samarbeida i fellesskap om barnet si læring og utvikling framover.

## 5.4 Utfordringar

Teoretisk sett vil det alltid eksistera utfordrande foreldresamarbeid, då eit godt samarbeid er avhengig av ei rekkje faktorar spelar på lag med kvarandre. Alle informantane i denne forskinga svara at mangel på tid var ei potensielle utfordring for å få til eit godt foreldresamarbeid. Tidspress er noko Skaalvik og Skaalvik (2012) utpeikar til å vera ein global tendens i skulen. Dei set dagslys på at fleire lærarar opplev eit aukande tidspress i form av ei større mengde arbeidsoppgåver. Denne kjensla

kjente eine informanten seg att i, då han fortalte at skular med mange elevar kan ha det vanskeleg med å prioritera nok tid til kvar enkelt elev og samarbeidet med heimen. Dette grunn gav han med at lærarar kan føla at dei vert pålagde fleire og fleire oppgåver som tek tid, til dømes rapportering og dokumentering. Slik eg forstår det, kan det tyde på at lærarar arbeidar under eit stadig større tidspress som kan resultere i konsekvensar for anna arbeid hjå lærarane. Her kan det tyde på at lærarar ikkje klara å strekkje til på alle områda i ein hektisk kvardag. Ei stram tidsklemme kan gi utfordringar på områder som relasjonsbygging, førebuing, tilrettelegging eller i foreldresamarbeidet.

Like bakom det aukande tidspresset vart ein god relasjon nemnt som ein svært viktig grunnleggande faktor for lærarane. Utan ein god relasjon meinte to av lærarane at det vil generelt vera vanskeleg å kunna ha ein god dialog med kvarandre, og utfordrande dersom ein må ta opp vanskelege tema. Denne meininga samsvarar med Drugli og Onsøyen (2010) sin teori og Utdanningsdirektoratet (2016) sitt forskingsgrunnlag rundt relasjonskompetanse. Dei påpeikar at ein god relasjon er viktig for å ta opp vanskelege tema eller å generelt kunne samarbeida godt saman. Denne einigheita kan vera eit teikn på at lærarar har ei klar oppfatning av kor viktig ein god relasjon har å seia når ein samarbeider med andre menneske, men kan også moglegvis tyde på dei har erfaringar kring dette. Det er mogleg at lærarane har i praksis erfart forskjellen av ulike samarbeidsforhold der relasjonane har vore varierte.

Drugli og Onsøyen (2010) hevdar at ein av grunnane til at foreldre ikkje framtrer som aktive samarbeidspartnara, er fordi dei ikkje forstår kor verdifulle deira bidrag er for barna si tilpassing og utvikling. Fleire foreldre trur at lærarar er langt betre i stand til å hjelpa barnet enn det dei er sjølve. I praksis kan dette vera utfordrande, då lærarar kan føla seg aleine i arbeidet. Den eine informanten ynskja fleire foreldre som engasjerer seg i skulen sitt arbeid og kan stilla seg kritisk til arbeidet. Han meinte at foreldre blandar seg ikkje så ofte inn i kva og korleis skulen gjer ting, fordi lærarane har utdanning, kompetanse og kan arbeidet sitt. Denne informantens utsegn kan sjåast i lys av Drugli og Onsøyen (2015).

Slik eg forstår det kan foreldre som ikkje framtrer som aktive samarbeidspartnara gi ei oppfatning av at dei engasjerer seg for lite. Men på ei anna side må lærarar ikkje dømme foreldra for fort, og konkludere med at dei ikkje har tid eller bryr seg. For det kan også liggje ulike årsakar bakom kvifor dei vel som dei gjer. Til dømes kan foreldra vera usikre fordi dei følar at dei ikkje har nok kompetanse på området. Det vi veit er at denne situasjonen vil sikkert kunne provosera fram ei utfordring i samarbeidet enten frå lærarane si side dersom samarbeidet ikkje er gjensidig, eller frå foreldra si side då dei står på sidelinja og følar at dei ikkje strekk til fordi dei ikkje veit kva dei skal gjera. I ein situasjon som denne kan ein sjå på kompetanse som makt. Kompetansen gir lærarar ei slags makt

over foreldra, då dei fleste foreldra ikkje har same kompetansen. Her kan foreldre føla seg usikre over deira bidrag og arbeidsoppgåver. Kva kan skulen og lærarane gjere for å endre dette? Hattie (2009) påpeikar kor viktig det er at skulen støttar foreldra om det er naudsynt, slik at dei kan danne seg ei forståing av "skulens språk". Om ikkje kan dette gje fleire foreldre som ikkje greier å involvera seg i barna sin skulekvardag eller å samarbeida med skulen.

## 6.0 Avslutning og konklusjon

I dette forskingsarbeidet har eg undersøkt kva erfarne lærarar legg vekt på i eit godt samarbeid mellom heim og skule. Det er eg var ute etter i denne undersøkinga var å få svar på problemstillinga mi, for å lukkast her var det avgjerande å få detaljerte og utfyllande svar, difor valte eg å nytte den kvalitative metoden som utgangspunkt.

Eg har funne ulike faktorar som spelar avgjerande roller for å skapa og ivareta eit god samarbeidsforhold. Alle informantane trekkjer fram gjensidigheit som svært viktig i eit godt samarbeid, i tråd med opplæringslova og teorien eg har brukt. Vidare påpeika dei at det er viktig med positiv kontakt som eit grunnlag, slik at forholdet til kvarandre ikkje berre består av beskjedar med negativt innhald. Eit positivt fokus på samarbeidet vil ein få dersom ein ikkje berre kontaktar kvarandre med negativt innhald, men også skryte og oppmuntre.

Eit anna interessant funn var at alle informantane omtala forventingane til seg sjølve som sterkt personlege, som kan tyde på at dei legg mykje av ansvaret og forventingane på seg sjølve utan å tenkje at dei er ein del av eit fellesskap i skulen. Informantane brukar dei same samarbeidsformane, men utviklingssamtalen utpeika seg då denne vart sett på som den viktigaste samtalen. At lærarane er opptatt av å vera godt førebudd kan ha ein samanheng med at dei vil bli oppfatta som profesjonelle. På trass av dette kan det sjå ut som at mangel på tid kan utfordra samarbeidet. Og ein direkte konsekvens av tidspresset kan gå utover relasjonsbygginga som er heilt avgjerande for å skape eit godt samarbeid.

Sidan undersøkinga har teke utgangspunkt i kva tre erfarne lærarar har svart, kan ikkje funna generaliserast og gjelde alle lærarar i skulen. Funna gjev berre eit innblikk i dei tre lærarane sine erfaringar og meiningar kring temaet, som samsvarar med teorien eg har brukt. I undersøkinga kom det klart fram at eit godt samarbeid er bygd opp av gjensidigheit, likeverd, ein god relasjon og positiv kontakt. For lærarane var samarbeidet viktig for å kunne ha barnet i sentrum, og fokusera på barnets faglege og sosiale læring og utvikling. Som snart nyutdanna lærar, ser eg på samarbeidet mellom heim og skule som svært viktig og spanande. Arbeidet med denne oppgåva har gitt meg kunnskap og nyttig erfaringar som eg kan ta i bruk i min profesjon som lærar.

## 7.0 Litteraturliste

- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studentar*. (4. utgave). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Drugli, M., B. & Onsjøen (2010). *Vanskelege foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Damm AS.
- Hattie, J. (2009): *Visible learning. A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement*. New York: Routledge.
- Imsen, G. (2016). *Lærerens verden: Innføring i generell didaktikk* (5. utgave). Oslo: Universitetsforlag
- Kunnskapsdepartementet (2006): *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kvale, S., og Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. (3.utgave). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Nordahl, T. (2007). *Hjem og skole: Hvordan skape et bedre samarbeid?* Oslo: Universitetsforlaget
- Nordahl, T. (2015). *Hjem og skole: Hvordan etablere et samarbeid til elevenes beste?* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget
- Opplæringslova (2006). *Forskrift til opplæringslova*. Hentet 10.04.17 frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724?q=opplæringsloven>
- Opplæringslova (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. Hentet 06.04.17 frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_1#§1-1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_1#§1-1)
- Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (2012). *Skolen som arbeidsplass*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Utdanningsdirektoratet (2016). *Samarbeidet mellom hjem og skole: Hva er hjem- skole-samarbeid?* Hentet 06.04.17 frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/hva-er-skolehjem-samarbeid/>

Utdanningsdirektoratet (2016). *Utviklingssamtale med foreldre*. Hentet 18.04.17 frå

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/utviklingssamtale/>

## 8.0 Vedlegg

### 8.1 Informasjonsbrev til informant

#### Informasjonsbrev til informantar

##### Bakgrunn og føremål

Eg heiter Andrea Mo Dalatun og studerer 3. året ved grunnskulelærerutdanninga for 5.-10.trinn ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Denne våren jobbar eg med ei bacheloroppgåve med tema heim- skulesamarbeid. Eg ynskjer å få meir kunnskap om kva erfarne lærarar legg vekt på for å skape eit godt heim- skulesamarbeid. Dette er eit interessant og veldig viktig tema som eg ynskjer å læra meir om som snart nyutdanna lærar. I det høve vil eg spørje om å få intervju dykk om dette temaet.

##### Kva deltaking i studiet inneber

Deltakinga i studiet inneber at du deltar eit intervju med meg. Spørsmåla vil omhandle dine synspunkt og erfaringar frå heim- skulesamarbeid. All informasjon som blir delt med meg er konfidensiell, og informantane vil bli anonymisert. Eg ynskjer å bruka lydopptakar under intervjuet, då dette vil gjera det enklare å få med eksakt informasjon under transkriberinga. Informasjonen blir sletta når eg er ferdig med bacheloroppgåva.

Før intervjuet byrjar ber eg deg om å samtykke i deltakinga ved å underteikne på at du har lest og forstått informasjonen på dette arket og ynskjer å delta. Deltakinga er frivillig, og du kan når som helst trekkje deg. Da vil informasjonen du har gitt bli sletta. Dersom du har nokre spørsmål, treng fleire opplysningar eller ynskjer å delta kan du kontakta meg på følgjande:

Andrea Mo Dalatun

E-post: [andrea.dalatun@hotmail.com](mailto:andrea.dalatun@hotmail.com)

Telefon: 481 95 222

##### Samtykke

Eg har lest og forstått informasjonen om prosjektet og gir mitt samtykke til å delta i intervjuet. Eg er også kjent med at eg kan trekkje meg som informant undervegs i prosessen.

Stad og dato

---



## 8.2 Intervjuguide

### Intervjuguide

#### Forståing

1. Kva kjenneteiknar eit godt heim-skulesamarbeid for deg?
2. Kvifor er det viktig med eit godt heim-skulesamarbeid?
3. Kva forventningar har du til deg sjølv når du skal ivareta eit godt samarbeid?
4. kva forventningar har du til heimen i samarbeidet?

#### Handtering, gjennomføring

5. Kan du nemna nokre samarbeidsformer som du vektlegg?
6. Kvifor vert desse vektlagt?
7. Korleis førebur du deg til denne typen samarbeid?
8. Kva legg du vekt på i organiseringa og innhaldet i denne typen samarbeid?
9. Kva for rolle spelar kollegaer for deg når du samarbeida med føresette?

#### Utfordringar og moglegheiter

10. Kva ser du på som potensielle utfordringar for å få til eit godt heim-skulesamarbeid?
11. Kva er det som gjer at akkurat dette er utfordrande?
12. Korleis ville det eksemplariske skule-heimsamarbeidet vera på den optimale skulen?